

# Innhold

Side

<a href="#">1.</a>	<a href="#">Samandrag</a> .....	2
<a href="#">2.</a>	<a href="#">Handlingsprogram 2001</a> .....	2
<a href="#">3.</a>	<a href="#">Innleiing</a> .....	2
<a href="#">4.</a>	<a href="#">Prioriterte prosjekt 2001</a> .....	3
<a href="#">4.1</a>	<a href="#">Lokal Agenda 21- prosjekt i kommunane/regionale møteplassar</a> .....	3
<a href="#">4.2</a>	<a href="#">Energiplan/vindkraftplan</a> .....	3
<a href="#">4.3</a>	<a href="#">Miljøprisen</a> .....	3
<a href="#">4.4</a>	<a href="#">"Hordaland på sykkel"</a> .....	4
<a href="#">4.5</a>	<a href="#">Biologisk mangfald</a> .....	4
<a href="#">4.6</a>	<a href="#">Berekraftindikatorar for Hordaland. Forprosjekt</a> .....	4

## 1. Samandrag

Program for Lokal Agenda 21 i fylket vert vidareført som ein del av fylket sin miljøpolitikk. Med grunnlag i det fylkeskommunale LA-21-programmet som vart vedteken i 1997 er det foreslått prosjekt og tiltak for 2001. Budsjetttramma er kr 923 000,-. Hovudsatsinga er vidareføring av LA-21-prosjekt i kommunane/regionale møteplassar , ferdigstilling av energiplanane og ein ”sykle til jobben-aksjon” for tilsette i Hordaland fylkeskommune vår 2001 under prosjektet ”Hordaland på sykkel”. Miljøprisen skal delast ut også i år. Det vert vidare foreslått å starte arbeid med berekraftindikatorar for Hordaland som grunnlag for dokumentasjon av måloppnåing av viktige berekraftmål nedfelt i fylkesplan og fylkesdelplanar.

## 2. Handlingsprogram 2001

<b>Prosjekt/tiltak</b>	<b>Budsjett 2001</b>
LA-21-prosjekt i kommunane/regionale møteplassar	410 000
Miljøpris 2000	45 000
Fylkesdelplan for vindkraft, ferdigstilling	25 000
Fylkesdelplan for energi, ferdigstilling	100 000
”Hordaland på sykkel” (aksjon sykle til jobben vår 2001)	300 000
Biologisk mangfald (resipientdata i eit GIS-system)	18 000
Berekraftindikatorar for Hordaland. Forprosjekt.	25 000
<b>Sum</b>	<b>923 000</b>

## 3. Innleiing

Sidan handlingsprogrammet Lokal Agenda 21 for fylket vart vedteken i 1997 har det vore ein årleg rullering av programmet, med prioritering av prosjekt og økonomi innafør den gitte budsjetttramma. I høve til 2000 er budsjettet kutta med kr 125 000,-. Den totale ramma er for inneverande år kr 923 000,-. I samband med handlingsprogrammet i 2000 vart det opplyst at ein hovudrevisjon av programmet vart planlagt. I høve til å prioritere innsats mot oppfølging av fylkesplanar ser vi det som mest teneleg å knytte dette arbeidet saman med neste rullering av fylkesplanen.

Omgrepet Lokal Agenda 21 vart til under FN- konferansen om miljø- og utvikling i Rio de Janeiro som var ei oppfølgjing av Brundtland-kommisjonen sitt arbeid. Konferansen vedtok ein handlingsplan for det 21. århundre, Agenda 21. I kapittel 28 i Agenda 21 vender FN seg direkte til lokale styresmakter og lokalsamfunna verda over og utfordrar dei til å vere hovudaktørar i arbeidet for ei berekraftig utvikling. Hovudutfordringa er å gjere globale miljø- og utviklingsproblem relevant for lokal handling gjennom dialog og samhandling med næringsliv, organisasjonar og innbyggjarane.

Lokal Agenda 21 er såleis ei internasjonal forplikting til å byggje på lokalt engasjement og omsette dette til handling for å nå målet om berekraftig utvikling. I arbeidet med Lokal Agenda 21 er det peikt på fylgjande vegvisare:

- Globalt ansvar
- Langsiktig tidsperspektiv
- Heilskapssyn og tverrsektoriell tenking
- Brei medverknad
- Auka kunnskap

Arbeidet med Lokal Agenda 21 er no på dagsorden verda over, og over 3000 byar, regionar og kommunar er no i gong. I Noreg er samtlege fylkeskommunar og over 250 kommunar i gang med arbeidet og fleire er på veg. Arbeidet med Lokal Agenda 21 har ført til at lokale og regionale styresmakter verda over no er blitt viktigare og meir sjølvstendige aktørar i utforming av nasjonal og internasjonal politikk for å nå målet om ei berekraftig utvikling. Dette kjem til syne mellom anna

gjennom utforming og oppfølging av ulike internasjonale kampanjar på lokalt plan som omfattar oppimot 500 millionar menneskje i tillegg det som skjer på statleg nivå.

Såleis er det viktig å merke seg SYNERGI 21 i Stavanger oktober 2001. Dette vert ein nasjonal mønstring og er ein oppfølging av Noregs nasjonale Lokal Agenda 21-konferanse i Fredrikstad i 1998. I Stavanger skal ein vise kva offentleg sektor, næringsliv og frivillige organisasjonar har fått til i arbeidet med Lokal Agenda 21 og stake ut kursen framover. Konferansen vil også være ein milepæl i den norske prosessen fram mot den nye FN- konferansen om miljø og utvikling i Johannesburg i 2002 (Rio + 10).

Mykje tyder altså på auka fokus og styrking av arbeidet for ei berekraftig utvikling i tida som kjem. Signala om fordeling av oppgåver mellom forvaltningsnivå og regionale aktørar tyder på at at dette arbeidet vil kunne ble ein stadig viktigare del av fylkeskommunen sin regionalpolitiske rolle.

Handlingsprogrammet for LA-21 i fylket er ein del Hordaland fylkeskommune sitt bidrag for å nå dei nasjonale mål og oppfølging av Fredrikstad-erklæringa.

## **4. Prioriterte prosjekt 2001**

### **4.1 Lokal Agenda 21- prosjekt i kommunane/regionale møteplassar**

Det vert foreslått å avsetje 410 000,- til dette prosjektet. Ein satsar på at ca 375 000 av desse midlane vil bli fordelt til kommunane og regionale aktørar etter søknad. Resten vert nytta til informasjonstiltak og byggje opp kontakt mellom kommunar som ynskje å fokusere spesielt på LA-21 i samband med rullering/revisjon av kommuneplanen, samt annonsering og opplysning om midlane. Det vil verte utarbeid ein informasjonsbrosjyre om ulike midlar til LA-21-tiltak/nærmiljøtiltak m.m. Informasjonen vert og lagt ut på internett.

Det vert lagt opp til ein felles utlysning av dei fylkeskommunale LA-21 midlane og LA-21-midlar frå fylkesmannen/KS.

Det er etablert ein arbeidsgruppe knytt til miljøkoordinatoren (KS-knutepunktet): Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannens miljøvern avdeling og Forum for lokalt miljøvern (FLM) er representert i arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa vil samordne søknadene på LA-21-prosjekt i fylket og sørge for best mogleg effekt av midlane.

Noko av midlane vil ein nytte til å profilere LA-21-satsinga i Hordaland i forbindelse med konferansen "Synergi-21"-møteplass for berekraftig praksis i Stavanger 17-18-oktober 2001.

### **4.2 Energiplan/vindkraftplan**

Dei to store fylkesdelplanane for energi, "Fylkesdelplan for vindkraft" og "Fylkesdelplan for energi" som er finansiert innafor LA-21-programmet, vert avslutta i 2001. Desse prosjekta får ein kostnad på 125 000, til saman. Dette er utgifter til ferdiggjering av plandokument, opptrykk m.m.

### **4.3 Miljøprisen**

Ein satsar også i 2001 på utdeling av den tradisjonelle Miljøprisen for Hordaland. Utdeling i fylkestinget vart særers vellukka i fjor og ein fin ramme rundt tildelinga. Ein satsar på å få noko meir blest om prisen for å få inn gode forslag til kandidatar og ein sterkare kobling til LA-21-satsing i lokalsamfunna.

#### 4.4 "Hordaland på sykkel"

Auka bruk av sykkel i kvardagen vil vere viktig i høve til å endre transportmønster og åtfærd og redusere bruken av bil. Transportsykling vil bidra til reduksjon av lokal forureining i Bergen sentrum samstundes som det må sjåast som førebyggjande for helse- og trivsel. Føresetnaden for auka sykkelbruk er større grad av tilrettelegging og fysisk infrastruktur for å betre tryggleik, framkommelighet og positiv stimulering.

"Hordaland på sykkel" er organisert med to aktivitetar; "Sykle i kvardagen" og "Sykkelturisme". Prosjektet har eigen koordinator fram til sommaren og blir samordna med "Nordsjøsykkelruta". I 2000 vart arbeidet konsentrert om førebuing av sykkelkampanje vår 2001 for tilsette i sentraladministrasjonen i Hordaland fylkeskommune under aktiviteten "Sykle i kvardagen", samstundes som det vart arbeidd med sykkelturisme og Nordsjø-sykkelruta. Sykkel-kampanjen er planlagt etter mønster av og koordinert med dei årlege "Sykle til jobben-aksjonane" i regi av Norges Bedrifts Idrettsforbund og Haukeland sykehus/Statoil Sandsli. Den blir organisert som ein felleskampanje der bedrifter, "Sykkel i sentrum", HMT, bedriftsidrettslag m.m er involvert. Innafor aktiviteten "sykkelturisme" vert det lagt opp til temaveke for sykkel 10-17. juni 2001 der opning av "Nordsjø-sykkelruta" og "Fagseminar om sykkelturisme" er viktige element.

I Fylkesplanen for Hordaland er sykkelbruk omtala under kapittelet "**Trafikksikring**". Målet er prioritering av gang- og sykkelveggar langs skuleveggar og inn mot sentra. Auka bruk av sykkel bør og sjåast i samanheng med miljøvenleg transport der både satsing på kollektivtransport og sykkel vil vere verkemiddel for å redusere bilbruk. Transportformane må sjåast i samanheng, og tiltak for å fremje sykkelbruk vil bygge opp under målsetjingane om ein heilskapeleg transportpolitikk og ynskje om at transportarbeidet skal føre til minst moglege negative miljøkonsekvensar. Sykkel har dessutan eit fortrinn i form av positiv helsevinst. Ein heilskapeleg og målretta satsing på at sykkel kan bli eit reelt transportalternativ, vil krevje innsats frå ulike aktørar lokalt, regionalt og nasjonalt. Koordinering av innsats vil vere avgjerande. Organisering av vidareføring av sykkelsetinga skal avklarast i prosjektet.

#### 4.5 Biologisk mangfald

I samarbeid med Unifob/Universitetet i Bergen har det blitt lagt arbeid i tilrettelegging og kvalitetssikring av data for miljøtilstand i sjøområde i Hordaland. Ferdigstilling og presentasjon vert prioritert i 2001.

#### 4.6 Berekraftindikatorar for Hordaland. Forprosjekt.

Det arbeidast elles med miljø- og berekraftindikatorar på mange nivå. I Hordaland har fleire kommunar vore med i eit EU-prosjekt, "Terra-prosjektet", der målet var å utvikle bærekraftindikatorar for Bergensområdet. Dette vert vidareført i prosjekt 3.3. "Miljøovervaking" i Fylkesplanen. Andre aktørar har også arbeidd med berekraftindikatorer: SFT- har gitt ut rettleiaren: "Å beskrive miljøtilstand og berekraftig utvikling i byer og tettstader". KS har starta eit prosjekt, "Berekraftige kommunar i praksis" som tek sikte på å utvikle til "eit styringsverktøy og metode for å integrere berekraftomsyn i kommunal sektor"

"Berekraftindikatorar i Hordaland" er tenkt som eit rapporteringssystem i forhold til sentrale berekraftmål nedfelt i fylkesplanen og fylkesdelplanar. Rapporten Miljøtilstanden i Hordaland vil verte nytta som grunnlag. Prosjektet må dessutan knyte kontakt med andre aktørar. Første trinn vert eit forprosjekt det ein tek sikte på i samarbeid med sentrale regionale aktørar å definere/ velje ut indikatorar som kan nyttast til å dokumentere måloppnåing og utvikling, som igjen kan danne grunnlag for strategisk planlegging på miljøområdet.